

Interessegruppa for Hedleberget (IFH)

Årsmelding frå styret 2019

Voss 01.01.2020

Styret:

Leiar: Ingmar Hårklau

Nestleiar: Nils Gjøstein

Kasserar: Åse Margrethe Kyte

Skrivar: Jan Olav Grevle

Styremedlemmer: Thor Hårklau og grunneigarrepresentant Svein Kyte.

Vararepresentantar: Steinar Hårklau

Revisor: Knut Kvamme og Gerd Møen.

Valnemnd: Magnar Lemme leiar, Kari Lemme, Sjur Tveite

Historienemnd: Magnar Lemme, Selmar Traa og Odd Tverberg

I 2019 har det vore 5 styremøte samt årsmøte. I tillegg har me hatt 10 arbeidsmøte. Me har hatt veterantreff i samband med årsmøte, møte med Destinasjon Voss, i Artistkonsulatet, møte om kunstvandring, møter med Bygdaklang om ny oppsetjing av Skifersongen i 2020. I tillegg har me hatt møte med grunneigarar etter generasjonsskifte. Det er 32 registrerte medlemmer.

Viktige hendingar:

I 2019 har me hatt fleire arrangement på Hedleberget.

Det starta med song og musikk av Unneland og Prestegård med «Baljebandet». Det var god stemning i Songvehytta onsdag i påsken.

I månadsskifte Mai – Juni var det klart for Linda Eide og Sjue Hjeltnes med «språkmoro». Ein triveleg kveld med mykje musikk, humor og avklaring om språket. Til opning fekk me ein flott songoppleving med D'kor.

Til august konserten fekk me den spelemann nominerte gruppa " The Northern Belle", som Kvamsdal omtala «det beste amerikanabandet i landet», ei flott oppleving.

I tillegg var det totalt 9 andre tilstellingar på Hedleberget i 2019. Firmafest, blå turar, sommar avslutningar, barnedåp, julebord og liknande. Ein fin blanding av offentlige og private lag og organisasjonar.

Totalt har det vert ca 1000 personar som gjester på berget dette året. Dette i tillegg til alle som går kulturstien.

Søknadar:

Me har søkt Voss Sparebank om støtte til innkjøp av toalettvoan, og fekk tildelt kr. 20.000,-. Dette set me stor pris på. Det er ein eingongs investering, og lettar arbeidet med å arrangere små og store tilstellingar.

Som frivillig organisasjon har vi i 2019 mottatt kr. 48.931,- i moms kompensasjon.

Dugnad:

Også i år har det vært nødvendig skogrydding og mange dugnadstimar med dette. Songveshytta er blitt utbetra og tetta. Plan var at denne kun skulle brukast om sommaren, men det har vært tilstellingar både i november og februar. Til tross for kulde har vi klart å få god temperatur der inne.

Det kvite toalettet som vart innkjøpt til Songvehytta er no kledd inn og glir inn i miljøet. Elles er tak på alle hytter frå Songveshytta mot fellesbrakka sjekka.

På veterantreffet 19.02. hadde me som tema å plassera «benkar» (arbeidsplassar) på flyfoto tatt ca 1950. Her er det laga oversikt, med namn på arbeidarar, over dei fleste benkane på heile heldleberget. Bilde og namnelister skal være som oppslag på hedleberget.

Det er i år lagt ned ca 300 dugnadstimar i tillegg til alle møter.

Me er registrert i Norsk tipping som mottakar av "Grassrotmiddlar" Me set stor pris på at me vert valgt som mottakar. Organisasjonsnummeret er 998 081 491.

Me har lagt bak oss 2019 med god aktivitet, og plan for 2020 er i gang. Målet er å auke aktiviteten med konsertar, omvising, opne dagar og mottak av grupper/blå-turar.

For styret:

Ingmar Hårklau